

Forskrift om skule- og feriedagar, Skjåk kommune, Innlandet fylke

Heimel

Fastsett av kommunestyret i Skjåk kommune xx xx xxxx med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Formålet med den lokale forskrifta er å sikre at opplæringa strekkjer seg over minst 38 skuleveker, og innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret, jf. opplæringslova § 14-1 andre ledd. I Skjåk kommune er skulen avhengig av skuleskyss for å få transportert elevane til skulen. Dette avgrensar moglegheitene til å avvike frå den fylkeskommunale skuleruta.

Kommunen ynskjer med forskrifta å skape føreseielege vilkår frå år til år, og samstundes ha moglegheit til å opne opp for nødvendig lokalt handlingsrom innanfor ei fastsett felles ytre ramme.

Forskrifta om skulerute omfattar alle elevar i grunnskulen i Skjåk. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Skuleruta skal vera tilpassa avvikling av større nasjonale prøver, i tillegg til sentralt og lokalt gitte eksamenar.

§ 2. Årleg skulerute

For kvart skuleår blir det fastsett ei skulerute. Denne skal gje oversikt over elevane sine skuleferiar og andre skulefrie dagar i grunnskulen.

Skuleruta skal publiserast på kommunen sine nettsider i god tid før oppstart av nytt skuleår. Skulen skal kvart år informere elevar og føresette om skuleruta etter at denne er vedteken for neste skuleår.

§ 3. Felles reglar og lokale unntak

Skjåk kommune held seg til fylgjande:

Oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie skal som hovudregel vera lik nærliggjande skular på grunn av busskyss. På grunn av desse

fylkeskommunale ordningane, skal oppstart og avslutning avklarast med Innlandet fylkeskommune.

Skulen kan gjera lokale endringar dersom særlege grunnar talar for det. Endringane må godkjennast av foreldreutvalet ved skulen. Saka skal sendast til endeleg godkjenning hjå kommunalsjef / kommunedirektør.

Lokale endringar etter punktet over, skal publiserast på kommunen sine nettsider i god tid før oppstart av nytt skuleår. I god tid før neste skuleår skal skulen også informere foreldre om avvikande datoar.

§ 4. Iverksetting

Forskrifta gjeld frå den dato den er kunngjort i Norsk Lovtidend fram til ei eventuell endring av forskrifta.